
 Saksnr: 2021/7708-21
 Saksbehandlar: Åge Avedal

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		12.10.2021

Kulturarenaer med regionale funksjonar. Prioritering mellom søknadene

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek følgjande prioritering blant søknadene om tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar, knytt mot budsjett for Vestland fylkeskommune 2022:

Søklar	Kommune	Prosjektnamn	Søknadssum	Prioritering
STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	Kvam	Kulturnaustet	9 300 000	1
STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE	Gloppen	Holvikejekta verne- og formidlingsbygg	10 000 000	2
KRAFTMUSEET - NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRI	Ullensvang	Lindehuset	10 700 000	3
SUNNHORDLAND MUSEUM	Stord	"Nye Sunnhordlandstunet"	14 585 659	4
STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN	Bergen	Gamle Bergen - Nytt publikumsbygg	10 000 000	5
MOSTER AMFI- OG KYRKJEHISTORISKE	Bømlo	Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter	10 000 000	6
M12 GRUPPEN	Øygarden	Kulturterminalen	1 600 000	7
FJALER KOMMUNE	Fjaler	Samvirket	5 000 000	8
MOSTER AMFI- OG KYRKJEHISTORISKE	Bømlo	Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter	750 000	9
FORTIDSMINNEFORENINGEN	Luster	Urnes verdensarvsenter	10 000 000	Ikkje prioritert
KODE KUNSTMUSEER OG KOMPONISTHJEM	Bergen	Formidlingsverksted på KODE 1	300 000	Ikkje prioritert
KVAM KOMMUNE	Kvam	Kulturhus i Kvam	10 000 000	Ikkje prioritert
STIFTELSEN BERGEN KJØTT	Bergen	Bergen Kjøtt	270 000	Ikkje prioritert
STIFTELSEN SENTRALBADET LITTERATURHUS	Ullensvang	Sentralbadet litteraturhus	600 000	Ikkje prioritert
STIFTELSEN KULTURHUSET USF	Bergen	USF Verftet / Kulturkvartalet Verftet	500 000	Ikkje godkjent
GRIEGKVARTALET	Bergen	Prosjekt Griegkvartalet	1 000 000	Ikkje godkjent

Samandrag

Vestland fylkeskommune har i 2021 lyst ut ordninga tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar. Ved søknadsfristen 30. april var det kome inn 15 søknader til ordninga, med total søknadssum på om lag 93,6 millionar kr. Etter søknadsfrist er det kome inn éin ny søknad, som fylkeskommunedirektøren tilrår blir behandla i lag med dei 15 andre. Total søknadssum blir då om lag 94,6 millionar kr.

Tilskotsordninga vart oppretta etter vedtak i fylkestinget i juni 2020, og vart første gong lyst ut hausten 2020. Det kom då inn åtte søknader til ordninga. Det vart ikkje løyvd midlar til nokre av søkjarane i budsjettet 2021. Fylkeskommunedirektøren legg no fram forslag om prioritering mellom søknadene som har kome inn denne våren. Prioriteringa vil bli tatt med i budsjettarbeidet for 2022.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Prioriteringsliste 2021 tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar
- 2 Presentasjon av søkjarane 2021 - regionale kulturarenaer

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjorde dette vedtaket i møte 25. mai, sak 70/2021:

Saka utsetjast til eit utvalsmøte etter sommaren. Hovudutvalet erkjenner at saka krev meir tid. Fylkesdirektør bes presentere prosjekta for hovudutvalet og gå gjennom administrasjonens vurderingar som har leidd fram til fylkesdirektør sitt forslag til vedtak etter sommaren.

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak i møte 9. juni 2020, sak 43/2020:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å opprette ein budsjettpost under avdeling for kultur, idrett og inkludering til finansiering av større kulturbygg med regionale funksjonar ved budsjettarbeidet for 2021.

Fylkesutvalet vedtok retningslinjer for tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar i møte 17. september, sak 149/2020. Ordninga vart for første gong lyst ut med søknadsfrist 20. oktober 2020. Det kom då inn åtte søknader, med total søknadssum på om lag 56 millionar kr. Søknadene vart tatt med i budsjett 2021. Fylkestinget løyvde ikkje midlar til nokre av tiltaka i budsjettet 2021.

Tilskotsordninga vart på ny lyst ut i 2021, med søknadsfrist 30. april. Det kom inn 15 søknader til ordninga. 14 av desse stettar krava til dokumentasjon som i følgje retningslinjene skal følgje søknaden, og kan dermed godkjennast. Etter søknadsfrist er det kome inn endå ein søknad om tilskot, for prosjekt Griegkvartalet. Fylkeskommunedirektøren tilrår at denne søknaden blir behandla i lag med dei andre i ordninga, men at denne ikkje blir godkjent då den er sendt inn etter søknadsfristen og manglar vedlegga som er kravd saman med søknaden. Med søknaden som kom inn etter søknadsfristen er det i alt søkt om 94 605 659 kr frå ordninga i 2021. Fullstendig liste over søkjarane, med skildring av tiltaka og grunngjeving for prioriteringa er lagt ved i saka.

I følgje retningslinjene skal søknadene behandlast saman med budsjett for påfølgjande år. Søknadslista blir derfor bli lagt inn i budsjettsakene til finansutvalet, hovudutvala og fylkestinget i 2021. Endeleg vedtak vil bli gjort saman med budsjettvedtak 2022, av fylkestinget i desember 2021.

Fylkeskommunedirektøren legg no fram sak om prioritering mellom søknadene. Prioriteringslista blir tatt med i det vidare budsjettarbeidet. Det er mange og store søknader om tilskot. Fylkeskommunedirektøren ser at kulturarenaer er underfinansiert gjennom offentlege tilskotsordningar, og er uroleg for det store økonomiske etterslepet på området.

Om tilskotsordninga

Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar vart lyst ut i Vestland første gong hausten 2020. I føremålet for ordninga står følgjande, jf. retningslinjene:

Tilskotsordninga skal bidra til utvikling av kulturbygg og kulturarenaer med regionale funksjonar og verdi. Kulturarenaen skal ha verdi, storleik og nedslagsfelt som dekkjer behov ut over kommunegrensar, eventuelt også ut over fylkesgrensar, der busetnad, kommunikasjon og/eller kulturelt føremål gjer dette naturleg.

Kulturarenaen skal vere planlagt ut frå ei kulturfagleg behovsvurdering og vere i samsvar med kommunale og regionale planar. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering, men ikkje til vedlikehald eller drift.

Retningslinjene slår fast at vedtak om tilskot blir gjort av fylkestinget som del av budsjettvedtak for påfølgjande år. Søkjarane legg ved m.a. skriftleg presentasjon, budsjett, teikningar, vedtekter og plan for bruk og drift saman med søknad. Søknader som ikkje inneheld dette, blir ikkje godkjent.

I retningslinjene er det slått fast kva vi skal legge vekt på i vurdering av søknadene:

- a) i kva grad tiltaket har regional verdi, funksjonar og/eller nedslagsfelt
- b) i kva grad tiltaket bidreg til utvikling av kulturlivet i fylket
- c) om tiltaket kan kople saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers
- d) kvaliteten på søknaden og prosjektet
- e) fordeling av midlane i høve geografi og sjanger

f) tidspunkt for første gong det er søkt om midlar til kulturarenaen

Fylkeskommunedirektøren har lagt desse vurderingane til grunn i tilrådd prioritering mellom søknadene.

Om søkjarane

Det er god geografisk spreiring blant søkjarane. Tiltaka det er søkt støtte til vil vere viktige for vidare utvikling av kulturarenaene. Alle dei 16 søkjarane fyller ein regional funksjon og fleire av dei har nasjonal funksjon, etter fylkeskommunedirektøren sitt syn. Fleire av søkjarane har planlagt og søkt om midlar til tiltaket over lenger tid. Det er løyvd midlar til fleire av tiltaka gjennom andre offentlege tilskotsordningar eller som gåver frå m.a. stiftingar og privatpersonar.

Fem av søknadene kjem frå museumsstiftingar, og ytterlegare tre er innan kulturarvområdet. Dei åtte siste er andre kulturarenaer for produksjon, formidling og/eller arrangement. Fleire av søkjarane har tidlegare fått tilskot til det omsøkte tiltaket gjennom fylkeskommunen. Dette gjeld Kulturnaustet, Lindehuset, Nye Sunnhordlandstunet, Sentralbadet litteraturhus og nytt publikumsbygg ved Gamle Bergen Museum. Dette kriteriet har vore viktig i vurderinga av søknadene og i forslaget til prioritering mellom dei.

Statlege tilskotsordningar til kulturarenaer

Kulturdepartementet lyser årleg ut ei tilskotsordning til **nasjonale kulturbygg** (kap. 322, post 70). Departementet omtalar ordninga på følgjande vis:

Tilskuddene til nasjonale kulturbygg skal bidra til bygninger og lokaler for institusjoner og tiltak som har en nasjonal oppgave, en landsomfattende funksjon eller en viktig landsdelsfunksjon.

Fleire av søkjarane om tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar har fått midlar gjennom ordninga for nasjonale kulturbygg. Nokre har søkt ordninga tidlegare år og/eller i 2021, men har ikkje fått tilsegn så langt. Hovudregelen er maksimal statleg tilskotssats til inntil 1/3 av prosjektet.

Kulturdepartementet har også oppretta tilskotsordninga **Kulturrom** (tidlegare Musikkutstysordninga), som skal sikre tilgang til rom med gode tekniske vilkår for øving og framføring av musikk, teater og dans over heile landet.

Kulturrådet har ei støtteordning til kulturbygg med namnet **ARENA**. Ordninga har søknadsfristar to gongar i året, og har følgjande føremål:

Ordningen skal bidra til at det profesjonelle prosjektbaserte kunst- og kulturfeltet i hele landet innen billedkunst, scenekunst, musikk, litteratur, tværkunstneriske uttrykk og det frie kulturvernet har tilrettelagt, bærekraftig og hensiktsmessig infrastruktur for produksjon, formidling og faglig utvikling.

Spelemidlar til kulturbygg

Vestland fylkeskommune tildeler spelemidlar til kulturbygg. Midlane i ordninga kjem frå overskotet til Norsk Tipping AS, og blir fordelt av Kulturdepartementet til fylkeskommunane basert på tippemiddelnøkkelen. I 2021 er det kome inn 60 søknader frå kulturbygg i Vestland, med total søknadssum på om lag 69 millionar kr. I statsråd 7. mai 2021 vart speleoverskotet til Norsk Tipping AS fordelt, med i alt 56,25 millionar kr til desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. I overkant av 6 millionar kr av desse midlane skal fordelast i Vestland fylke.

I 2020 vart det tildelt om lag 6,3 millionar kr til kulturbygg i Vestland gjennom spelemiddelordninga. I alt var det godkjent søknader om tilskot på om lag 27,6 millionar kr. Hovudutvalet har gjennom retningslinjene, sist revidert i møte 13. januar, sak 9/2021, m.a. slått fast at lokale kulturarenaer skal prioriterast gjennom denne ordninga.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering skal vedta fordeling av spelemidlar til kulturbygg i møtet 8. september 2021. Av dei 60 søknadene som er sendt inn i 2021 er 45 godkjent, med ein total søknadssum på om lag 27,7 millionar kr.

Spelemidlane til kulturbygg har på landsbasis gått vesentleg ned dei siste 10 åra frå om lag 135 millionar kr det året det var mest midlar i ordninga til mellom 47 og 56 millionar kr dei siste åra.

Kulturarenaer i politiske planar og meldingar

Kulturarenaer og kulturbygg er omtalt i ulike planar og meldingar på regionalt og nasjonalt nivå. I Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 finn vi desse igjen i m.a. mål 3, *Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv* og i strategi 4.1, *Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn*.

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR har satsing på kulturbygg som eit viktig mål.

Regjeringa slår gjennom både gjennom kulturmeldinga og frivilligmeldinga fast at kulturarenaene er viktig for kulturlivet og frivilligheita, og tar til orde for å vurdere endringar av spelemidlane til kulturbygg:

Vurdere innretning og fordeling av spelemidlar til kulturbygg innanfor ramma av tippenøkkelen (Kulturmeldinga, Meld.St. 8 2018-2019, side 63)

Vurdere innretning og fordeling av spelemidlar til kulturbygg og frivilligeigde bygg innanfor ramma av tippenøkkelen (Frivilligmeldinga, Meld.St. 10 2018-2019, side 62)

I museumsmeldinga vert det slått fast at søknadsordningar for tilskot, midlar til bygg, investering og sikring er dei viktigaste økonomiske grepa i museumspolitikken, og at solid offentleg finansiering er ein viktig premiss i kulturpolitikken (Museumsmeldinga, Meld. St 23, 2019-2020 s. 113). Meldinga legg også opp til at museumspolitikken dei komande tiåra skal ha eit kystfokus.

Kulturdepartementet vil dei komande åra prioritere investeringssøknader som kan løfte kystkulturen si historie. I første omgang gjeld dette seks prosjekt som Kulturdepartementet har motteke søknader om, deriblant søknaden «Tett-På» frå Hardanger fartøyvernsenter i Nordheimsund og søknaden om formidlingsbygg for Holvikejekta på Sandane i Gloppen (Museumsmeldinga s.91).

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering har vedtaksmynde, jf. punkt 2 *Oppgåver* og 4. *Saker der utvalet gjer tilråding*. Under punkt 2 blir det m.a. slått fast at hovudutvalet skal arbeide med kunst- og kulturutvikling, fordeling av spelemidlar til kulturbygg, profesjonelt kulturliv, frivillig sektor og økonomiplan/årsbudsjett. Under punkt 4 blir det slått fast at utvalet skal komme med tilråding til framlegg til årsbudsjett.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Saka gjeld prioritering av søknader om tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar. Midlar i tilskotsordninga og eventuell fordeling av desse blir ein del av budsjett 2022.

Klima:

Saka omhandlar ikkje tilhøve direkte knytt til klima.

Folkehelse:

Folkehelseoversikta i Vestland 2020-2023 slår m.a. fast at «gode kvardagsarenaer byggjer skaparkraft og identitet hjå dei unge, og kan bidra til at dei ønsker å komme heim igjen.»

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

I Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 finn vi kulturarenaer igjen i m.a. mål 3, *Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv* og i strategi 4.1, *Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn*.

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR har satsing på kulturbygg som viktige mål og tiltak.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren tilrår ei prioritering mellom søknadene om tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar. Prioriteringa blir tatt med i budsjettarbeidet for 2022. Ved søknadsfristen 30. april var det kome inn 15 søknader til ordninga. Det kom inn ein søknad etter fristen, som også er tatt med i behandlinga. Total søknadssum var på om lag 94,6 millionar kr. Det vart ikkje løyvd midlar til søkjarar på ordninga i budsjettet 2021. Fylkeskommunedirektøren ser at kulturarenaer er underfinansiert gjennom offentlege tilskotsordningar, og er uroleg for det store økonomisk etterslepet på området.